



## Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 22/051	Dato:	28.11.2022

### Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 14.12.2022 vedtak

### MØTEPLAN 2023

#### HANDSAMING:

#### Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek følgande møteplan for 2023:

Styremøte 1:	25.01.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Styremøte 2 (dagsmøte):	22.03.2023	09 <sup>00</sup> -15 <sup>00</sup>
Styremøte 3:	07.06.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Styremøte 4:	23.08.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Styremøte 5 (dagsmøte):	11.10.2023	09 <sup>00</sup> -15 <sup>00</sup>
Styremøte 6:	22.11.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Styremøte 7:	13.12.2023	15 <sup>00</sup> -18 <sup>00</sup>
Representantskapsmøte 1:	21.04.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Representantskapsmøte 2:	10.11.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>
Eigarmøte 1 + strategi:	12.05.2023	09 <sup>00</sup> -15 <sup>00</sup>
Eigarmøte 2:	08.09.2023	09 <sup>00</sup> -12 <sup>00</sup>

#### Sakshandsaming i styret 14.12.2022

#### Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Det skal i størst mogleg grad leggest opp til ein møteplan for heile året. Det vil vera møter som kan koma i tillegg som følgje av forhold som må handterast og som ikkje er planlagt. Tilsvarande kan det vera møter som går ut som følgje av at det ikkje er saker som skal handsamast.

Eit normalt driftsår bør ha mellom 6-8 styremøte. Utover dette skal det vera to representantskapsmøte og to eigarmøte, jf. gjeldande eigarstrategi.

Eigarstrategien vil vera førande for møteplanen. Følgjande føringar er gitt:

- Innkalling med dokument skal sendast representantskap og rådmenn/kommunedirektørar seinast fire veker før møtestart.

- Om nødvendig skal kommunane ta initiativ til å innkalle eigarkommunane til eigarmøte når det er naudsynt for ei uformell drøfting (prosessuelle avklaringar) av ei aktuell sak.
- Styret/styreleiar kan og ta initiativ til å invitere til eigarmøte når det vert vurdert å vera formålstenleg med ei uformell drøfting av ei bestemt sak.
- Kommunane skal ta initiativ til å gjennomføre kontaktmøte (informasjonsutveksling) mellom selskapet og den politiske/ administrative leiinga, eventuelt politiske organ i kommunen.
- Selskapet skal oversende budsjett/økonomiplan, tertialrapportar og årsmelding/årsrekneskap til kommunane v/rådmann/kommunedirektør.
- Det skal gjennomførast kontaktmøte mellom HBR og eigarane før sommarferie der eigarane skal legge fram reelle, men foreløpige prognosar for det økonomiske handlingsrommet i kommande budsjettår, og selskapet skal legge fram forhold som vil kunne påverke naudsynt tilskot for kommande periode.
- Nytt kontaktmøte vert gjennomført tidleg på hausten der utkast til årsbudsjett/økonomiplan for selskapet skal drøftast i lys av oppdaterte prognoser for kommunane sitt økonomiske handlingsrom i kommande budsjettår.
- Representantskapet skal handsame styret sitt budsjettforslag etter at rådmann/kommunedirektør har lagt fram sitt budsjettforslag i kommunen og før kommunestyret fattar endeleg budsjettvedtak.

## VURDERINGAR:

-

Haugesund, 08.12.2022

Dag Botnen  
brannsjef

Vedlegg:

-